



ROGALAND BONDELAG



Me lagar maten din!



Landbruket – den komplette verdikjeda

Landbruket er ei av få komplette verdikjeder der produksjonen dannar grunnlag for alt i frå transport- og konsulenttenester til foredling og sal av mat. Derfor er landbruk og tilknytta næringar viktige for sysselsetting og verdiskaping i mange kommunar.

I Rogaland er landbruket som ei hjørnesteinsbedrift i mange bygder. Samanlikna med dei andre fylka i landet, har Rogaland flest sysselsette både i landbruket og næringsmiddelindustrien. Godt klima, lange tradisjonar og eit aktivt fagmiljø er viktige grunnar.

Om lag 4.000 driftige og nytenkjande bønder bidrar kvar dag til at me i Rogaland har den mest komplette, framtidretta og marknadstilpassa landbruksnæringa i landet. Det skapar livskraftige lokalsamfunn og positive ringverknader regionalt så vel som nasjonalt.





VISSTE DU AT...?

- I Rogaland er det 4.000 gardsbruk.
- 17.000 personar er sysselsette i Rogaland sin matindustri.
- Rogaland har 950.000 dekar eng til slått og beite, som er mest i landet.
- Rogaland har 993.632 dekar jordbruksareal, kun Hedmark og Oppland har meir.
- Rogaland er størst på husdyr i Noreg og har flest mjølkekyr (40.227) og avlspurker (12.844).
- Rogaland er størst på pelsdyr og har rundt 60 prosent av all minkskinnproduksjon i landet. Pelsdyrnæringa nyttar biprodukt frå matproduksjonen i føret.



Rogaland – matfylke nr.1

Rogaland er det største matfylket i Noreg. Ingen produserer meir mat enn rogalandsbonden. Størst er produksjonen av mjølk og storfekjøt, svin og sau. I tillegg har me ein betydeleg produksjon av fjørfe, samt grønsaker som tomat og agurk.

Sjølv om me er størst på produksjon av både kjøt, mjølk og egg, har me endå meir å tilby norske forbrukarar, mellom anna ei spanande satsing på fruktproduksjon, som resulterer i alt frå epler og morellar til bringebær, solbær og rips av høg kvalitet.

Over 30% av alle norske drivhus ligg i Rogaland. 86% av all tomatproduksjon i landet skjer her, i tillegg til stor produksjon av grønsaker på både friland og i veksthus. Me har rundt 120 produsentar av matspesialitetar – og me er størst på vinterfôra sau, slaktegris og verpehøner.


Du kan trygt seie at Rogaland er matfylke nummer 1!



Foto: Jærbladet



Foto: Ingeborg Skrudland



Matproduksjon i Rogaland i tal

- 300 millioner liter mjølk
- 8.000 tonn korn
- 11.000 tonn tomatar
- 4,7 millioner salatar
- 14 millioner kyllingar
- 17.677 tonn egg
- 200 tonn eple

A photograph of a large indoor chicken farm. The scene is filled with numerous white chickens, with one prominent black chicken in the center-left. The chickens are housed in a multi-tiered system with metal cages and wooden perches. The lighting is warm and somewhat dim, typical of an indoor agricultural facility. The text is overlaid on the left side of the image.

Viktig verdiskaping

Landbruket er den største næringa i Rogaland etter olja og legg grunnlag for stor aktivitet i heile fylket. Me leverer gode råvarer til maten me et kvar dag, og bidreg til at det bur folk i heile fylket. Me held kulturlandskapet ope, og me skaper arbeidsplassar i både vår eigen og andre næringar.

I Rogaland er det rundt 6.500 årsverk i landbruket. Det gir ei verdiskaping på 2,7 mrd. I tillegg kjem om lag 3.500 årsverk i landbruksbaserte industriverksemder som meieri, slakteri og liknande, samt ei veksande turistnæring. Samla verdiskaping frå jordbruk, skogbruk, tilleggsnæring og industri avhengig av landbruket er 5,6 milliardar kroner.

VISSTE DU AT...?

- Verdiskaping frå jordbruket i Rogaland er 2,7 milliardar kroner.
- Over 80 prosent av denne verdiskapinga skjer på Jæren.
- Jordbruket i Rogaland og tilknytta næringar sysselset nær 10.000 årsverk.
- Kvar arbeidsplass i landbruket skapar 2,5 arbeidsplassar i andre næringar.
- Finnøy kommune har høgast verdiskaping frå landbruket per innbyggjar.
- Det er om lag 5.300 gardsbruk i Rogaland.




Trygg mat for framtida

Rogalandsbonden har som mål å levere trygg kvalitetsmat til alle. Vil du ha lokalprodusert, kortreist og miljøvenleg mat som er produsert med minimalt med sprøytemiddel og antibiotika? Då må me ha eit godt og berekraftig landbruk i Rogaland!

Mattfylket Rogaland er ei merkevare. Då treng me brei politisk vilje til å satse på trygg og god mat. Derfor er det i Rogaland bygd opp eit komplett nettverk av mellom andre produsentar, foredlingsindustri og forskingsmiljø – bokstaveleg tala midt i matfatet.

Dette skapar eit sterkt og framtidsretta landbruksmiljø i stand til å utvikle og realisere gode løysingar. Synergjar av dette samarbeidet har vist at me er i stand til å løyse framtidas utfordringar for landbruket – anten det dreier seg om klima og miljø, dyrevelferd eller matsikkerheit.



A herd of cows of various breeds, including brown, black and white, and brown and white, are grazing in a lush green field on a hillside. The background shows a rocky slope with dense green foliage.

Sterke fagmiljø tilknyttet landbruket i Rogaland

- Universitetet i Stavanger
- Høgskulen på Vestlandet
- IRIS
- Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB)
- NIBIO Særheim
- Rogaland landbrukspark
- Veterinærhøgskulen på Høyland
- Måltidets Hus
- Felleskjøpet Rogaland og Agder
- Fiskå Mølle

Bybonden Kalle – tett på folk og fe

Karl Anders Nilsen – kanskje best kjend som Kalle – driv gard eit steinkast frå Ullandhaugtårnet, midt i Stavanger.

Ullandhaugbonden har naboar på alle kantar. Karl Anders trivst med å ha folk tett på og inviterer både skuleklassar og barnehagar på gardsbesøk – mellom anna ved kuslepp om våren.

Kalle eig 80 mål jord rundt eigen gard. I fjøset står rundt 25 mjølkekyr. I tillegg blir det drive kjøttproduksjon på garden. Han er også engasjert i lokalpolitikken, som sekretær i Senterpartiet og leiar av Hillevåg bydelsutval.

”

Eg meiner det er viktig å oppretthalda dei bynære gardane. Jo fjernare folk er frå ein grøn lapp, ei gulrotmark eller korn, jo fjernare blir også tanken om jordvern”

Karl Anders Nilsen



Ogna gard – særst gunstig for gulrøter

Familien Skjørestad på Ogna gard har spesialisert seg på produksjon av gulrøter. Den lette, tørre sandjorda på garden gjer at såinga kan starte allereie i mars.

På Ogna gard blir det dyrka ulike sortar gulrøter – mellom anna snacksgulrøter. Kwart år blir det dyrka opp mot 400 tonn gulrøter her, i tillegg til 180.000 buntar. I tillegg blir det dyrka vårlauk, stangselleri og sellerirot.

”

Jorda her er særleg eigna til dyrking av søte, gode gulrøter. Me dyrkar ulike sortar, der nokre eignar seg betre til lagring. Det gjer at forbrukaren kan få norske gulrøter heile året. ”

Hilde Skjørestad



Størst og først på lemming

Sauebonden Guttorm Gudmestad på Rennesøy er blant dei tidlegaste i landet på den årlege lemminga. I tillegg til om lag 600 sauer som i år fekk 1200 lam, har han 150 storfe – der 40 er mjølkekyr. Garden har også 150 mål dyrka jord og 500 mål kulturbeite.

I tillegg til den daglege drifta driv han Røsslyngen Beitelag gardsutsal saman med ein nabo. Her får du kjøpt blant anna kjøttdeig, spekepølser, laks, saft og fløyteis. Gardsutsalet har ope kvar laurdag og trekkjer kundar frå både by og bygd.

”

Me plar alltid vera tidlege her på syane. Det har nok med klimaet å gjera. ”

Guttorm Gudmestad



Bondelaget – på lag med bonden

Med 63.000 medlemmar i ryggen jobbar Norges Bondelag for å betre vilkåra og synleggjere kor viktig landbruket er for samfunnet. Målet er å auke den berekraftige matproduksjonen og graden av sjølvforsyning, og leggja til rette for at bøndene kan auke verdiskapinga på eigen gard.

Rogaland Bondelag arbeider for dei sosiale, kulturelle og økonomiske interessene til bøndene i vårt fylke. Fylkeslaget har nær 6.400 medlemmar og blir leia av eit styre med representantar frå alle regionar og dei fleste større produksjonar.

Å auka kunnskapen om mangfaldet i landbruket er viktig for oss. Me har eit nært samarbeid med næringslivet og offentleg sektor i fylket. Våre viktigaste oppgåver er jordbruksforhandlingar og politisk påverknad av lovar og planar som er viktige for grunneigar og gardbrukar.

Fakta om Rogaland Bondelag

- Eit fylkeslag i Norges Bondelag.
- Rundt 6.400 medlemmar og 41 lokallag.
- Arbeider for dei sosiale, kulturelle og økonomiske interessene til bøndene i fylket.
- Driv politisk påverknad.
- Deltok aktivt i prosjekt som har betydning for landbruket i framtida.





Knowledge grows

Norsk gras for 10 milliarder



Har du tenkt på at grovfôret i norsk melkeproduksjon har en førstehandsverdi på 6,2 milliarder kroner per år? Tar vi med kjøttproduksjon på storfe og sau er verdien av norsk gras nærmere 10 milliarder. Hva er graset ditt verdt?

DOBLINGSPOTENSIALE

I 2016 har seks melkebønder fra Lista til Indre Helgeland konkurrert om å ta den største og beste grovfôravlinga. Avlingsnivået var imponerende høyt hos alle deltakerne. Middelavlingen for alle bøndene ble 1180 FEM per dekar, mens NIBIOs statistikk viser et landsgjennomsnitt på 580 FEM per dekar.

VERDSETT GRASET DITT

Eng med høyt avlingsnivå gir god uttelling for innsatsfaktorene man setter inn. God agronomi er basisen for å produsere grovfôr av god kvalitet kostnadseffektivt. Se gode gjødslingsråd på yara.no

På bildet: Vinner av avlingskampen Marthe Bogstad fra Ullensaker med Maren Holthe fra Norsk landbruksrådgiving Øst.



Takk til våre samarbeidspartnere



ME KAN SKOG

www.vestskog.no



TINE
TINE RÅDGIVING

Profesjonell rådgiving
tilpasset dine behov

medlem.tine.no
medlemstelefon 51 37 15 00



**Jæren
Olje**

Tlf: 982 00 000 - www.jaerenolje.no

Helt enkelt

For Bønder med visjoner



www.forumku.no

Spesialist på gjødselutstyr



Skreddersydd for norske bønder
Forhandler av MOI-gjødsel-utstyr
i Rogaland og Agder.

EuroPRO
Agder

www.europro.no

BONDEVENNEN

Nyfiken
Nyskapande
Nær
Kvar veke



www.bondevennen.no



Felleskjøpet Rogaland Agder

www.fkra.no



Bekjempelse av skadedyr i landbruk

PELIAS Norsk Skadedyrkontroll har mange års erfaring med landbruket. Vi har utviklet og prøvd ut forskjellige systemer for hva som er effektiv skadedyrkontroll i landbruket. Våre rapporter og rutiner er også tilpasset landbrukets eget kvalitetssystem, (KSL).

PELIAS Norsk Skadedyrkontroll har landbrukskunder over hele Norge og er daglig i kontakt med gårdsbruk som driver innenfor stort sett hele landbrukssektoren og da tenker vi på produsenter av korn, oljefrø, erter, frødyrking, poteter, grønnsaker, frukt, bær og veksthus, drøvtyggere, melk, svin, fjørfe og honning.

Når det gjelder sikring mot rotter og mus, sier vi at rotter og mus ikke skal være et merkbart problem på gården. Vår garanti er nødvendig ekstrasøk er gratis. Et gratis ekstrasøk betyr at vi må komme tilbake til gården å jobbe, uten noen kostnad for deg.

Vi i Pelias er et skadedyr firma for alle, ta kontakt i dag for en gratis og uforpliktende befaring.

Pelias, avdeling Rogaland
Tlf. 932 86 825
www.pelias.no

Det beste alternativ
PELIAS
NORSK SKADEDYRKONTROLL



Norske pelsdyrbønder tjener ikke penger dersom dyrene ikke har det bra. Bjørnar og familien jobber hver dag for å sikre at hvert eneste dyr de har på gården trives og blir tatt godt vare på. De vet at dersom dyrene ikke har det bra, blir heller ikke pelsen bra.

Nettopp derfor oppnår norske bønder blant de høyeste prisene på de internasjonale auksjonene. Vi kan trygt si at Bjørnar og alle andre norske pelsdyrbønder lever av god dyrevelferd. De er stolte av jobben sin, i en tradisjonsrik og lønnsom del av norsk landbruk.

Vil du lære mer om pelsdyrnæringen er du alltid velkommen på gårdsbesøk. Mer informasjon finner du på www.pelsdyrbonde.no.

NORGES PELSDYRALSLAG



Norges Pelsdyrslagslag er medlemsorganisasjonen for norske pelsdyroppdrettere. Det er nær 300 pelsdyrgårder i Norge. Vår oppgave er å ivareta medlemmenes interesser, både faglig, økonomisk og sosialt. Vi fremmer bærekraftig utvikling og god dyrevelferd, gjennom blant annet forskning og rådgivning til pelsdyrbøndene.

Norges Pelsdyrslagslag har etablert sertifiseringsordningen FarmSert og Helsetjenesten for pelsdyr, som bidrar til bedre dyrevelferd og helse.



ROGALAND BONDELAG



Sandvikveien 21
4016 Stavanger

PB 278 sentrum
4002 Stavanger

Telefon: 51 88 72 70
e-post: rogaland@bondelaget.no
www.bondelaget.no/rogaland



Følg oss på sosiale medier!
#rogalandsbonden #Norgetrengerbonden

Er du medlem? Send SMS med teksten
BONDE <navn> <nummer> til 2030
for innmelding.



LOKALMAT



Coop produserer hver dag en
mengde egne merkevarer.
Mange av disse produktene er
hentet fra det norske landbruket
som foredlede produkter eller
råvarer, som kornprodukter,
kjøtt eller frukt og grønt.

Gjennom dette samarbeidet
styrker vi det norske
landbruket samtidig som vi
gir forbrukerne produkter
av høy kvalitet til gode priser.